Søknad om etableringstilskot til reetablering av Kakeringen ved Kvito AS

Til Vinje kommune

Søknad om etableringstilskot på kr 4 840 000

Kvito AS søkjer med dette Vinje kommune om eit etableringstilskot til reetablering av arbeidsarenaen Kakeringen ved vår hovudavdeling i Dalsvegen 28 i Vinje.

Bakgrunn

Kakeringen har i mange år vore ein viktig og vellukka tilrettelagt arbeidsarena for personar med uføretrygd og for menneske som treng arbeidstrening og kvalifisering med mål om ordinært arbeid. Arenaen har vore driven som kafé og bakeri, der ein har produsert og selt eigne varer til kundar i lokalsamfunnet.

Gjennom mange år har Kakeringen gitt deltakarane eit meiningsfullt arbeidstilbod, sosial trening, meistringsopplevingar og verdifull arbeidserfaring. Arenaen har vore særleg godt eigna for personar som treng tett oppfølging og praktisk opplæring i eit trygt arbeidsmiljø.

No står vi overfor ei ny situasjon. Kundetilfanget har vore utfordrande over tid, og kommunen har varsla at bygget som huser Kakeringen skal rivast. Dette gjer det nødvendig å tenkje nytt for å sikre vidare drift av dette viktige tilbodet.

Ny løysing ved hovudavdelinga

Kvito ønskjer å flytte og vidareutvikle Kakeringen ved hovudavdelinga vår i Dalsvegen 28. Planen er å samle bakeriet og kjøkkenaktiviteten med den eksisterande kantinedrifta vår, kafe drifta vil vi dessverre ikkje kunne ta med oss.

Ved å slå saman desse aktivitetane vil vi:

- vidareføre eit viktig arbeids- og kvalifiseringstilbod
- styrkje både bakeriet og kantinedrifta
- skape eit større og meir robust fagmiljø
- sikre meir effektiv bruk av ressursar
- gjere drifta mindre sårbar ved sjukdom og ferie
- leggje til rette for betre samarbeid mellom avdelingane

I dag nyttar vi om lag to årsverk til tilrettelegging ved Kakeringen og eitt årsverk i kantinedrifta. Ved å samle aktivitetane på éin stad kan vi redusere behovet for tilretteleggingsressursar med eitt årsverk, samstundes som vi opprettheld og styrkjer kvaliteten i tilbodet. Frigjorte ressursar kan då nyttast i andre delar av verksemda der behovet er stort.

Særleg viktig arena for eldre arbeidstakarar

Matproduksjon, bakeri og kantinedrift er arbeidsoppgåver som i stor grad kan tilpassast den enkelte sine føresetnader. Dette gjer arenaen særleg godt eigna for at eldre arbeidstakarar og personar med redusert arbeidsevne kan stå lenge i arbeid.

Gjennom fleksibilitet i arbeidsoppgåver, arbeidstempo og tilrettelegging kan vi skape ein arbeidskvardag som fremjar meistring, deltaking og arbeidsglede over lang tid. Dette er heilt i tråd med samfunnets mål om auka yrkesdeltaking og inkludering.

Viktig rekrutteringsarena

Kakeringen er også ein av dei viktigaste rekrutteringsarenaene i Kvito. Vi ser at mange menneske ønskjer å arbeide med mat, bakeri og kantinedrift, og dette er ofte inngangsporten til vidare deltaking i arbeidslivet og andre tilrettelagde tilbod i verksemda.

Arenaen har difor stor verdi både for deltakarane og for Kvito si evne til å rekruttere og utvikle menneske gjennom arbeid.

Her kan vi tilby både matfag, bakarfaget og konditorfaget.

Kompetansebygging for ungdom

Arbeidsarenaen spelar også ei viktig rolle i kompetanseutvikling for ungdom.

I både 2023 og 2026 har ungdommar gjennomført kompetansebevis innan kokkefaget og konditorfaget hos oss. I år har vi 3 lærekandidatar inne på Kvito der den eine skal ta kompetansebevis i konditorfaget.

Dette viser at arenaen ikkje berre fungerer som eit tilrettelagt arbeidstilbod, men også som ein viktig læringsarena for unge menneske som ønskjer ein praktisk veg inn i arbeidslivet.

For Opplæringskontoret i Telemark (Oktav) er det berre 2 bedrifter som er godkjent innan for konditorfaget for lærekandidatar og det er Kvito og Idea Kompetanse på Notodden. Derfor er vi ein viktig aktør her oppe i distriktet.

Prosjektet

Prosjektet omfattar ombygging av eksisterande bygningsmasse ved hovudavdelinga i Dalsvegen 28.

Det er planlagt:

- reetablere gamle Kakeringen frå Brattlandsbygget i ny lokaler gjennom nytt kjøkken og bakeri i direkte tilknyting til kantina
- ein ny kantine med betre kapasitet enn i dag
- fleksible løysingar som gjer kantina eigna til møte, kurs og samlingar for heile Kvito
- nødvendige garderobefasilitetar
- nødvendig omstrukturering av resepsjon og kontor

Kafe delen er dessverre ikkje tenkt vidareført.

Teikningar av løysinga ligg ved søknaden.

Den nye arbeidsarenaen vil gi arbeid og aktivitet til om lag 10 deltakarar og ha behov for 2 tilretteleggjarar.

Samfunnsnytte

Gjennom prosjektet vil Vinje kommune bidra til å:

- sikre vidare drift av eit viktig inkluderings- og kvalifiseringstilbod
- leggje til rette for at fleire kan stå i arbeid over tid
- bidra til rekruttering og kompetanseutvikling innan matfag
- styrkje arbeidstrening og overgang til ordinært arbeid
- skape meir effektiv og berekraftig drift av tenestene
- sikre gode arbeidsplassar for personar med behov for tilrettelegging

Prosjektet representerer ei framtidsretta løysing som både styrkjer tilbodet til brukarane og sikrar ein meir robust og kostnadseffektiv drift for framtida.

Det er viktig og merke seg at Kvito med denne etableringa seinare vil kunne vera med å levere tenester, bakevarer og mat til ein eventuell møteplass i Åmot.

Søknad

På bakgrunn av dette søkjer Kvito AS om eit etableringstilskot på **kr 4 840 000** til reetablering av Kakeringen ved hovudavdelinga i Dalsvegen 28.

Prisen er basert på eit gammalt pristilbod, grunna kort frist hadde vi ikkje tid til å hente inn nye prisar. Legg derfor med eit lite forbehald om pris.

Mykje av utstyret kan gjenbrukas nede på nybygget.

Kvito har ikkje økonomi i dag til å gjennomføre eit slikt prosjekt og sjølv om vi får selt bygget i Nissedal vil det vera utfordrande. Vi kan heller ikkje forvente sal av bygget innan for nødvendig tid før flytting.

Vi meiner prosjektet vil gi stor verdi både for deltakarane, Kvito og Vinje kommune, og ser fram til ei positiv vurdering av søknaden.

Med venleg helsing

Kvito AS

Torbjørn Blichfeldt Dyrland
Dagleg leiar